

Møtereferat

Dato: 2.5.2017

Emne:	Rolf Arve Haugstvedt, Sigurd Trageton, Unni Kjerrgård Bøckmann, Arthur Tøsdal, Torunn H Rugesæter, Rita Gjerde, Kari Danielsen, Arne Vines, Roy Eide og Øyvind Bønes		
Til stades:	Frå skulen: Frå opplæringsavdelinga: Hillevi Runshaug og Gerd Kjersti Ytre-Arne		
Forfall:	Agnese H Tellnes		Sak: -
Møtetid:		Møtestad: Årstad videregående skole	

Møteleiar: Hillevi Runshaug**Referent: Gerd Kjersti Ytre-Arne**

Skuleleiinga si rolle i arbeid med tilstandsvurdering og utvikling i lys av pedagogisk plattform

Skolen hadde fått utsetting med utviklingsplan grunn i rektorskifte. Prosessen vårparten 2017 for å komme fram til utviklingsplanen har gått greitt, elevråd og tillitsvalte har vært involvert. Lærarane var opptatt av at det skulle vere få og tydelege mål på utviklingstiltaka samstundes som leiargruppa har eit heilt spekter av oppgåver som skal utførast. Det var viktig å finne ein god balanse i dette arbeidet.

Omstrukturering av avdelingar kom samstundes med endringar i rolla til avdelingsleiar. Tilrettelagt blei ein eigen avdeling. Konsekvenspedagogikk skulle ikkje vere i fokus lenger og dette laga ein del motstand, men det ser ut som det går betre.

Leiargruppa er samd i at dei kan få til mykje og dei meiner at det same gjeld lærarane, dei er meir villig til å utvikle seg og det er ikkje sama motstand som leiinga opplevde tidlegare.

Påbygg er ei utfordring, store variasjonar mellom elevgruppa. Har starta jobben med å gi lærarane eit verktøy som dei kan bruke i arbeidet med dei svakaste elevane. KDA nytt programområde samt at DH er på flyttefot har gjort at det har vore eit spesielt år. Store utfordringar å bygge opp eit nytt programområde.

Leiargruppa er nøgd med at dei er blitt samlokalisert og dette har nok også vore nødvendig i arbeidet med «å bli ein skule». Det har frå før vore ulik praksis på dei ulike avdelingane, men det ser ut som skulen no er på rett veg. Det er mykje positivt som skjer på skulen og at det har vore så store endringar siste året har både gitt utfordringar og moglegheiter. Ny lokalisering har gitt avdelingane større moglegheit for tverrfaglegheit. Lærarstaben er veldig på og er ivrig. Rutinane var ikkje dei same for heile skulen, kva rutinar kan dei bli samde om og kva skal vidareutviklast. Kva grunnlag har skulen som kan gi vidare vekst.

Det er ei utfordring at mange lærarar manglar utdanning i dei faga dei underviser i og dette gjer at dei må på vidareutdanning. Den gruppa som ikkje har rett kompetanse i forhold til faget dei underviser i må bli kartlagt slik at avdelingsleiarane veit kva som må til. Skulen manglar mellom anna god nok kompetanse i matematikk.

Elevtenesta er på god veg til å bli ei fin gruppe, og dei jobbar mykje med elevoppfølging og betre kunnskap om elevgruppa.

Viktig for rektor å lage rutiner,

1. kvalitet i undervisninga
2. lærarsamarbeid - og tett på
3. tid til å evaluere

Punkt til oppfølging i samtalen mellom rektor og regionleiar

- Drøfte val av strategiar og prosessar med heile leiargruppa, både for systematisk arbeid med styringsdokumentet, og det å sjå på eigne resultat.
- Korleis kan skulen jobbe meir systematisk i analyse av resultat slik at skulen viser seg som **ei** verksemd.
- Finne ein struktur som gjer at det blir meir tid til pedagogisk leing slik at rutinane kan følgast opp

Dokumentet er godkjent av
Hillevi Runshaug, regionleiar
Rolf Arve Haugstvedt, rektor